

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skrevet: 21.02.05
Sakshandsamar: Hilde Rudlang
Saka gjeld: **Årleg melding for 2004**

Styresak 1805 B

Styremøte 28.02. 2005

Bakgrunn

I § 34 i helseføretakslova og i § 15 i vedtektene for Helse Vest RHF blir det slått fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneheld styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Fristen for årleg melding er 15. februar. Helse Vest har fått forlenga fristen til 28. februar 2005.

Forslaget til årleg melding for 2004 er lagt ved.

Kommentarar

Formelle krav til årleg melding

Meldinga frå Helse Vest RHF til departementet er ein del av eit samanhengande plan- og meldingssystem. Det skal rapporteras på oppfølging av styringsbodskap og gis ei vurdering av utviklinga dei nærmaste åra som grunnlag for departementet arbeidet med statsbudsjetten og nytt styringsbodskap.

Det heiter i vedtektene for Helse Vest RHF § 15 (Melding til departementet):

”Styret skal innen den 15. februar hvert år sende en melding til departementet som omfatter styrets plandokument for virksomheten og styrets rapport for foregående år. Plandokumentet skal være av strategisk og overordnet karakter og vise hovedtrekkene i virksomhetens fremtidige drift innenfor de rammebetingelser som er gitt av staten som eier og helsemyndighet. Denne delen av plandokumentet vil inngå i vurderingsgrunnlaget for behandlingen av de enkelte års statsbudsjett.

Plandokumentet skal videre, med utgangspunkt i vurderinger av eksisterende drift, gi beskrivelse av forventede endringer i befolkningens behov for helsetjenester og i den helsefaglige utviklingen på fagområdene, vise behovet for utvikling og endring av

tjenestene og driften av virksomheten og styrets vurdering av ressursbruken for de nærmeste årene, med forslag til finansiering.

Rapporten om virksomheten fra foregående kalenderår skal vise hvordan pålegg og bestemmelser som er gitt i foretaksmøtet eller satt som vilkår for bevilgninger, er fulgt opp. Rapporten skal også vise virksomhetens utvikling i forhold til det regionale foretakets plandokument.”

Årleg melding frå helseføretaka

I styringsdokumentet frå Helse Vest til helseføretaka blir det slått fast at helseføretaka skal sende ei årleg melding til Helse Vest. Meldinga skal følgje den same oppbygginga som meldinga frå Helse Vest til departementet.

Forslaget til årleg melding frå Helse Vest byggjer både på den tilbakemelding som er gitt frå helseføretaka, og på dei tiltaka og prosjekta som er initiert frå Helse Vest.

Oppsummering av årleg melding

Meldinga er delt inn i styret sitt plandokument og styret sin rapport for året som var.

I plandokumentet tek vi for oss korleis utviklinga i folkesetnaden, helsetilstanden til folk, den medisinske teknologien og forventingane til helsetenestene vil påverke behovet for spesialiserte helsetenester.

Helseregion Vest kan forvente ein større folkeauke enn resten av landet, samtidig som regionen har eit mindre ressursgrunnlag til å møte ein auke i behovet for spesialiserte helsetenester.

Den faglege og medisintekniske utviklinga fører til at fleire kan få tilbod, og at fleire behandlingstilbod blir tilgjengelege. Utviklinga vil gi ein større etterspørsel etter tenester.

Det er behov for å utvikle og endre tenestetilbodet for å møte endringane i behov/etterspørsel etter tenester, og samtidig sikre kvalitet og effektiv ressursutnytting. I denne samanheng er det gjort greie for overordna mål og strategiar for Helse Vest, og korleis prioriterte helsefaglege utviklingsområde er tenkt følgde opp i regionen. Medisinske støttefunksjonar, forskning og kvalitet, servicefunksjonar og god verksemdstyring er og område som er vesentlege for å møte nye behov. Det er gjort greie for planlagt utvikling på desse områda.

I plandokumentet blir det vidare gjort greie for nødvendige utbyggingsprosjekt i regionen. Til slutt blir ressursbruken dei nærmaste åra vurdert.

I styrets rapport blir det gitt ei relativt detaljert tilbakemelding på oppfølginga av styringskrava i styringsdokumentet for 2004.

Helse Vest og helseføretaka i regionen har i hovudsak følgd opp styringskrava, med unntak for nokre område der ikkje alle helseføretaka har vore i stand til å oppfylle krava eller nå måla

fullt ut. Det gjeld mellom anna målet om at helseføretaka som hovudregel ikkje skal ha korridorpatientar, og målet om at 80 prosent av epikrisane skal sendast ut innan sju dagar.

Det er behov for å setje sterkare fokus framover på å innfri myndigheitskrav og føringar. Det gjeld mellom anna å ta i bruk individuell plan for pasientar med kroniske lidningar og behov for langvarige tenester, som eit verktøy for å yte betre heilskaplege og koordinerte tenester.

Plandelen i forslag til årleg melding er drøfta med brukarutvalet i møte og utvalet har fått utkastet til uttale.

Forslag til vedtak

Styret vedtek årleg melding for 2004.

Meldinga oversendast til Helse- og omsorgsdepartementet.